

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

August 2025



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Steinar Frønsdal

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevjerje
kyrkjevevjerja@etnekyrkja.no
97 57 30 21



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
47 25 35 29



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Oleksandr Zavialov
Kyrkjegardsarbeidar
93 95 58 84



Solveig Sørheim Eikanes
Organist
organist@etnekyrkja.no
53 77 11 77



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74



Ny kyrkjetenar i Skånevik

I sommar starta Anne Brit Mo opp i ei lita stilling som kyrkjetenar i Skånevik.

Anne Brit vaks opp i Mandal, og har dei siste åra budd i Fjaler i Sogn. Der har ho arbeidd som kyrkjetenar i tillegg til personleg assistent. No er ho flytta til Etne, for å komma nærare barn og barnebarn.

Anne Brit har lang erfaring i å arbeida i kyrkja, der ho har hatt ulike oppgåver, som trusopplærar, kyrkjetenar, forsongar/solist og til og med organistvikar i ungdomen.

Ho har også arbeidd i blomsterbutikk, i helsesektoren og som reinhaldar.

Ho er interessert i kunst og musikk, er glad i å pynta og stella det fint rundt seg og for kyrkjelyden, og ho har alltid likt å syngja og spela.

Me vil ynskja Anne Brit velkommen til bygda og i kyrkjelyden!

Aud Jorunn Baustad

Vær ikkje urolege

«Vær ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikk-ka,» sa Jesus eingong. Urolege for livet? Kven av oss ber ikkje på uro for mange ting? Men neppe så mange av oss er urolege for kva me skal eta eller drikk. Stort sett har me mykje mat og drikk i vår del av verda. Bekymringar er nok likevel ein stor del av liva våre? Det er nok å nemne stikkord som: rekningar, ungane våre, eksamen og utdanning, livet kan gå i stykke, truande sjukdom, eller krig. Me har nok av ting å bekymra oss for.

Då Jesus talte desse orda, så trur eg at mange var bekymra for om dei fekk nok mat på bordet. Eg trur Jesus ville sei til folket : Vær ikkje så bekymra for det! Han som forsyner fuglane under himmelen med mat, han bryr seg òg med oss. Han har gitt oss ei verd med eit hav av moglegheiter. Vår Gud og Far i himmelen vil ta vare på oss. Berre våg å tru og stola på han!

For midt i livets strev står me i fare for å miste trua og tilliten til skaparen vår. Me blir rett og slett så opptatt av alt anna.

«Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal du få alt det andre i tillegg!» Det er eit utruleg sterkt løfte som står i same avsnitt som ordet eg siterte frå i Matteusevangeliet! Det er lett å tenke motsett, nemleg å søke først alt det andre.

Tillit til at Gud vil ta vare på deg og gå saman med deg er ein kraft og styrke. Livet kan mange gonger vær ein kamp og det finns mange og nok av bekymringar. Men å



Foto: Randi Frette

tru på at Gud går med deg, og at Han er ein du kan stola på, det er ein ufatteleg rikdom.

Ein gong sa ei konfirmantmor til meg på konfirmasjonsdagen: ”Vi har bedt til Gud for familien og barna våre i alle år. Det er utruleg korleis Han har passa på oss og beskytta oss alle desse åra. Vi har sjølv sagt som alle andre hatt våre ting i familien. Men vi har så utruleg mykje å være takknemleg for.”

Egil Larsen

Prestegarden i Etne

På ganske få år, har prestegards-eigedomene i Etne forvandla seg frå eit koseleg og kjærnt "lande-merke", til eit trist og litt forfalle villniss, der verken buskar, trær eller gras blir klippa eller stelt, og huset og bygningane ber preg av å vera ubrukne. Dessverre framstår eigedomene i dag lite innbydande og trist å sjå på for alle som er glad i staden. Mange har gode minner frå prestegarden, der prestefolket opp gjennom tidene har samla gjester og besøkjande til alt ifrå hageselskap for heile kyrkjelyden, til besøk av speidarar og barnehage og skule, eller private selskap.

Veldig trist, og mange undrar seg over korleis er det blitt slikt? Og skal ikkje denne eigedomen snart lysast ut til sal?

Nå er det viktig å få understreka at dei fleste prestegardseigedomane rundt om i landet, lenge har vore eigd av tidlegare "Opplysningsvesenets fond". No det siste året er dette gjort om til eit statleg aksje- selskap som heiter "Alstad". Det er såleis ikkje dei lokale kyrkjelydane som verken eig eller har noko ansvar for desse eigedomane.

I mange kommunar rundt om i Norge ligg det slike ærverdige prestegardstun, i andre kommunar er det kommunale bustadar som har ivareteke behov for hus til prestetenesta.

Dette endra seg då buplikta for prestane fall bort for ein del år tilbake.

Når det gjeld situasjonen med prestegarden her i Etne, har den vore tema frå tid til annan. Både i lokale media, og i politisk/ kommunal forvaltning dei seinare åra. Kort sagt er fellesnemnaren at ting tar tid.

Prestegarden er historisk ein av dei største "gardane" som var i bygda, om ikkje den største, og for to generasjonar sidan vart deler av jorda drive tradisjonelt av forpaktar.



Foto: Per Hjemdal

Så kjenner me til at gjennom åra er dyrka mark og alt produksjonsareal selt eller delt ifrå til nabobruk.

Det som kompliserer denne saka mest, er den gamle fiskeretten i Etneelva, som framleis tilhøyrer bruket, denne har vore gjenstand for vurderingar og diskusjon både politisk og administrativt i kommunen. Og forståeleg nok av ulike andre interessantar. Det vart gjort eit politisk vedtak i kommunen, for omlag tre år sidan, der ein ville prøva å sikra at fiskeretten framleis skulle bli til ålmenn nytte og glede, ein såg for seg at sal av denne eigedomen med tilhøyrande fiskerett fort kunne bli gjenstand for stor interesse i hovudsak pga. fiskeretten. Dette vedtaket vart seinare underkjent juridisk, og medfører ei meir komplisert handsaming enn ein såg føre seg.

Kyrkjeporten tok kontakt med ein kontaktperson i Alstad, for å høyra om det var noko nytt, eller framgang mtp. prestegarden. Vår kontaktperson gir uttrykk for og beklagar på det sterkeste at det ikkje er noko framdrift når det gjeld kva som skal skje med prestegarden i Etne, og at dette dreg ut i tid. Men at saka er inne til behandling og vurdering i eit av dei statlege direktorata, og at ein vonar at det ikkje vil gå så veldig lenge før ein kan sjå i møte ei løysing og utvikling i saka.

Steinar Frønsdal

Konfirmantane 2025



Konfirmantar i Etne kyrkje laurdag 3. og 10. mai 2025:

Framme frå venstre: Julian Horneland Wiland, Linnea Kaland Bakken, Emma Eline Vae Haaland, Andrine Grindheim, Linn Silde, Ella Molnes Nielsen, Signy Johanna Rafdal, Alida Bjørgen-Askvig, Emma Sørheim. **Midten frå venstre:** Viljar Rullestad Møland, Lukas Opedal, Marius Hetteflåt, Sebastian Solgård Moe, Ludvig Rygg-Sørheim, Torbjørn Ljusnes Jensen, Even Håland Sørheim, Karsten Johannes Ravndal, sokneprest Kari Vik Stubang. **Bak frå venstre:** Thor Henry Horne Løknes, Johannes Tronstad, Elias Selland, Eirik Sørheim, Tørres Andre Forseth Jacobsen, Marius Stølås Sævereid, Nicholas Markhus Furdal.

Foto: Svein Egil Økland



Konfirmantar i Skånevik kyrkje søndag 4. mai 2025:

Framme frå venstre: Bjarne Ragnvald Frøland Torkelsen, Thea Vika Knudsen, Elene Langbelle Tronstad, Lilly Åsheim Karlsen, Magnus Sævereid. **Bak frå venstre:** Vikarprest Øyvind Heggland, Imre Marensson Flatebo, Raun Phuangkaew Hesjedal, Vemund Tveiten, Leon Ribesen.

Foto: Svein Egil Økland

Ny benk på kyrkjegarden i Fjæra

I Fjæra ønska dei seg ein benk på kyrkjegarden. Då var ikkje Einar Eintveit vond og be, og snikra denne flotte benken, (som vart finansiert av Fjæra sokn sin konto). Det vart og funnen ein annan benk, som kyrkjegardsarbeidaren reparerte, så nå er det gode moglegheiter for å setja seg ned i ro og fred.

Kari Johansson



*Foto:
Einar
Eintveit*

Skaparverkets dag

25. mai var mange samla inne i Frette til skaparverkets dag. Det var meldt både regn og vind, så Randi og Oddbjørn opna dørene til den fine løa si så me fekk sitje under tak. Ei flott gudsteneste der 1. klassingar fekk utdelt aktivitetshafter, og borna fekk ta del i forteljinga om Noas ark. Veret snudde og under grilling og sporløp kom sola fram. Det vart til og med anledning for prost Arild Steinsland og ta med borna ut i hagen og klemme det over 100 år gamle tuntreet i anledning skaparverkets dag. Sjå bilde på framsida.

Skaparverkets dag i Skånevik

1. juni var det samla born og vaksne, 1. klassingar og speiderar til skaparverkets dag i Skånevik kyrkje. Grunna regn i lufta og vått ver vart gudstenesta inne i kyrkja i staden for på Eikehaugen. Gudstenesta starta med flott prosesjon med speiderane i flaggborg og 1. klassingar med blommar/greiner frå naturen i hendene for å markera skaparverkets dag. Ei flott gudsteneste med utdeling av aktivitetshafter til 1. klassingar og aktivitetar for borna i etterkant av gudstenesta. Mange stoppa igjen til kyrkjekaffi og god drøs. I forkant av gudstenesta var det satt opp natursti frå skulen til kyrkja. Heile 6 grupper fullførte natur-



Får siste post på naturstien: f.v. Rakel Helle Tendal, Sigrid Bothun Edvardsen, Liva Garvik Ebne og Margunn Johansson Taraldsøy.

Foto: Eli Garvik

stien og det vart stor spenning under kyrkjekaffien då vinnarlaget skulle presenterast.

Randi Matre



Foto: Gerd Ingunn Opdal

Ung Skjærtorsdag

Påska er ei tid kor mange unge vaksne vender nasen heimover frå ein elles hektisk studie- eller arbeidskvardag. I år ville Etne Kyrkje tilby eit samlingspunkt for dei mellom 20 - 30 år på Skjærtorsdagen. Planen for kvelden var ei gudsteneste med servering av verdas beste nyheiter (evangeliet - viss du lurte) etterfølgt av vaffelservering og nyheitskunnskap satt på prøve i quizformat.

Ein god gjeng fann vegen til kyrkja denne kvelden - ei salig blanding av unge og eldre, gamle kjente og nye fjes. Utover kvelden blei dei unge vaksne aleine igjen med quizen der det var god stemning, god prat og nokså overdimensjonerte smågodt- og chipsskåler. Sjølv om underteikna tapte quizen på mållinja, blei dette ein hyggeleg kveld for mange.

Får du ein utflyttar heim neste påske? Eller



Foto: Gerd Ingunn Opdal

kjenner du deg igjen i målgruppa, eller kjenner nokon som gjer det? Då er kanskje dette plassen du burde vere Skjærtorsdag neste år!

Erlend Kringlebotten

Dei to krusifiksa i Stødle

Frå min vestnorske barndom synes eg å minnast at krossen skulle vera rein og tom. For han er jo ikkje der no. Me trur på den oppstadne. Som var der.

Men så heng der rundt i gamle kyrkjer likevel eit og anna krusifiks, fordi kyrkjestaden er gammal frå katolsk tid kanskje. Og om bygdefolket forsto at riksantikvaren helst ville ta deira krusifiks til eit museum, - slikt hender - lika dei det slett ikkje. Dei var no likevel glade i det og litt kry av det, kjende dei.

I Stødle kyrkje har me to krusifiks, ikkje gamle rett nok, og for meg har dei gjennom åra blitt denne kyrkja si beste preike.

Kva for eit av dei snakkar mest sant?

Kongekrusifikset på altaret er historisk visstnok det eldste, men når me tenkjer på korleis det må ha sett ut der oppe på haugen i Jerusalem den fredagen, trur eg lidingskrusifikset i glasmaleriet liknar mest. Som og ein av mine mange favorittsalmer seier:



Torvald Moseid som laga seierskrusifikset i Stødle, laga også altartavla med liknande motiv, Kristus som konge, i Åkra kyrkje. Denne kyrkja var tidlegare ein del av Skånevik prestegjeld. Foto: Harald Grønnevik

«O hode høyt forhånet, med blodig sår og ve, O hode, tornekronet til smerte, spott og spe, --»

Jo, slik såg det nok ut. Men så kan me og vidare spørja: Kva var det som hende der? Kan det andre også ha noko å fortelja, sjølv om det ikkje såg slik ut for dei som sto rundt? Er det saman dei kan føra oss litt vidare inn i mysteriet?

Kanskje er det slik at me i seierskrusifikset ser bakom lidinga i det andre - ser det som verkeleg hende, at dette var timen då Kristus blei herliggjord (johs 12, 23).

I Septologien skriv Jon Fosse slik om dette: «--det er Gud der han som Jesus Kristus heng i si avmakt nagla til krossen som er mektig, det er avmakt som gjev makt, som gjev allmakt --»(s 495).

Påsketider finn eg kvart år ein plass for meg sjølv og les Ronald Fangen sitt dikt, «Pasjon», det som tok til å forma seg i han under eit totalt nervesamanbrot på Møllergata i 1941. Kristus på krossen trer fram for han. Han ser den krossfeste. Og det er den lidande han ser. Ein mann som liknar på han sjølv, nett då.


Men så skriv han:

«Du frelsesfyrste, konge, til korset naglet fast, - Å, aldri seiret livet slik som da ditt hjerte brast». Han knyter dei to saman

Det er seierherren me ser på krossen, same korleis han ser ut. Men kongekrusifikset kan gi oss god hjelp til å halda fast på den tanken: Det er seierherren som heng der!

Og så endar Ronald Fangen diktet slik:

«Du Herre, er det sikre pant. Du er det klare bud. Fra ham som ingen her kan se: den lysomspente, skjulte Gud. Deg ser vi, Herre. Og jeg vet: ved slutten av min vei, når dette



*Dei to
krusifiksa
i Stødle.
Foto:
Harald
Grønnevik*

hjertes uro dør, - da skal jeg møte deg.»

Og då er det vel kongen som trer fram, slik
ein annan fin salmediktar, bergensaren og
Stavangerbispn Karl Marthinussen skreiv:

«Ja, engang mine øyne skal se kongen i hans
prakt, --».

Harald Grønnevik

Håp i ein konfliktfylt region

Etne kyrkjelyd har over fleire år støtta den kristne tv-stasjonen SAT 7 i Midtøsten.

For nokre år sidan fekk eg besøka SAT 7 sin stasjon i Istanbul. Det meste av lokala låg under bakken, og me fekk beskjed om at me ikkje skulle ta bilete av folk som arbeidde der, med unntak av sjefen og hans tolk. Det gjorde inntrykk å sjå enkle lokale og rekvisittar som blei brukte blant anna til opplæringsprogram for barn og unge.

SAT 7 er eit kristent medie-nettverk som blei starta i 1995 og som når heile Midtøsten og Nord-Afrika. 500 millionar menneske har med det tilgang til usensurert satellitt-TV med kanalar på arabisk, tyrkisk og farsi og eigen barnekanal KIDS. I tillegg kan dei strøyma program døgnet rundt på mobilen sin. Sjøartala og responsen viser at det er ein svært populær kanal.

Store grupper av kristne i denne regionen er under sterkt press og har vanskelege livsvilkår. Til dømes er det no att berre ca 200 000 kristne i Irak mot 1,3 mill. for 25 år sidan. Målet til SAT 7 er å oppmuntra kristne til å spreia evangeliet og bringa håp i ein konfliktfylt region.

20 % av barn i Midtøsten og Nord-Afrika går ikkje på skulen, ofte på grunn av krig og flukt. SAT 7 prioriterer borna høgt. Gjennom ulike typar program blir dei kjent med evangeliet og får høyra at dei er elskja av Gud. SAT 7 ønskjer å spreia håp til barn og unge og gi dei støtte og hjelp til å handtera eit utfordrande liv. På nettsidene til SAT 7 kan ein finna forteljingar frå sjåarar som er takksame for støtta SAT 7 gir dei i kvardagen. Der fortel m.a. 19 år gamle



Skulebesøk frå Dar El Awlad School på SAT-7. Dei har eit tett samarbeid, og fleire av elevane er kjent med programma på SAT-7 KIDS og SAT-7 Academy. Ein stor del av elevane er syriske, irak-iske og sudan-esiske flyktningar, resten kjem frå fattige familiar i og rundt Beirut i Libanon. Rektor Denise Dagher i midten.

Foto: Maria Indrøy Risanger

Ola Saba om då ho saman med familien og 300 andre søkte ly i sitt lokale kyrkjebygg på Gaza etter 7. oktober 2023.

Det er dessutan veldig viktig for den nye generasjonen å få moglegheita til å læra og utvikla nødvendige ferdigheiter. SAT 7 bidreg til dette med sine barneprogram og dagleg skule-TV med grunnleggjande undervisning spesielt retta mot flyktningar som ikkje får gå på skule. Gjennom SAT 7 får dei lære matematikk, engelsk, naturfag, arabisk og mykje anna. Det er også utvikla ein app til mobilen som gjer det lettare med digital undervisning.

Det er Det norske Misjonsselskap (NMS) som formidlar støtta frå Etne kyrkjelyd direkte til SAT 7. Og i fjor kunne me senda kr. 16 164,- til Sat 7. Det er meningsfulle pengegaver!

Kari Vik Stuhang

Færre gudstenester

Mange har gjerne registrert at Den norske Kyrkja må gjera nedskjeringar på grunn av økonomien. Det er dei statlege overføringane som syter for løn m.a. til prestane. Når kostnadene aukar – m.a. med høge pensjonsutgifter er det ikkje mogeleg å halde oppe talet på tilsette. Ein har prøvd å skjerma prestenesta rundt i landet så lenge som råd. Men i samband med at stillinga som sokneprest i Skånevik no er lyst ut igjen, har me fått beskjed om at den vil utgjera berre 50 % stilling innan Etne kommune. Den andre halv stillinga vil bli tenesta i Sunnhordland prosti.

Mange av presteoppgåvene går det ikkje an å vedta reduksjon i – som konfirmantarbeid og talet på gravferder. Reduksjonen i stilling medfører difor at talet på gudstenester i kommunen må reduserast. Frå og med dette haustsemesteret blir det difor gudstenester i Skånevik sokn

berre tredje kvar søndag i staden for annan kvar, og i Etne sokn 3 av 4 søndagar, og ikkje kvar søndag som før. Det vil også bli noko færre gudstenester i høgtidene. Men i samarbeid med prosten vil me gjera det som er mogeleg for å halda oppe gudstenestetilbodet på t.d. julafta. Me vil også så langt det er mogeleg leggja til rette for at det alltid er gudstenesta ein stad i kommunen. Så får dei besøkande heller setja seg i bilen og kjøra nokre kilometer ekstra.

Ved søknadsfristen den 10. august var det kome inn 1 søknad til prestestillinga i Skånevik. No er me spente på kva tid me får ny prest. Enn så lenge held Øyvind Heggland fram som vikarprest og startar også opp med dei nye konfirmantane. Det er me veldig glade for.

Kari Vik Stubang, sokneprest

Robotklippar – Gåve frå KM-karane

I vår då plenen begynte å bli grøn, vart robotklippar installert ved Etne kyrkje. Tanken kom i fjor, om at det kunne vera nyttig




å ha. KM-karane fekk snakka om saka, og blei einige om å gi ei pengegåve til robotklippar, i tillegg til å starta ein spleis for innsamling.

No arbeider klipparen som har fått namnet «E-sauen» jamt og trutt, i sitt fastsette mønster, og det er fint og nyslått når me kjem til kyrkja.

Tusen takk til KM-karane for den store gåva!

Som ein kuriositet kan me fortelja at sauer utanfor kyrkja ikkje er ein ny ting. Me har fått inn eit bilde på kyrjekontoret som viser Stødle kyrkjegard i «gamle dagar». Me har ikkje årstal



for bilde, men reknar med det er mellom 70-100 år gammalt. Etter det me har høyrte og ser på bilde, vart ikkje gravhaugane jamna slik som i dag, og det var kyrkjegardsarbeidaren som hadde rett til å nytta gras på kyrkjegarden. Det var difor ikkje uvanleg at det var sauer som beita der.

And Jorunn Baustad

Prosjektkor i Skånevik

Dette halvåret blir det prosjektkor i Skånevik kyrkje. Me øver kvar torsdag frå 19.30-21.00 frå torsdag 16. oktober og fram mot julekonserten i Skånevik kyrkje.

Det trengs ingen forkunnskapar, berre song-glede. Hjarteleg velkommen, uansett alder!

Salmekveld

Onsdag 24. september blir det salmekveld i Skånevik kyrkje. Saman med organist Solveig tek me eit djupdykk i Elias Blix si samling av nynorske salmar. Arrangementet er gratis.

Takk til våre annonsørar!



**LUNDENESET VGS**
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv

Studiespesialisering

IT og medieproduksjon

Påbygging til generell studiekompetanse



 Misjonssambandet skoler

**Ølen Begravelsesbyrå**

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Ønsker din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!



LAUAREID
Service

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



post@olenregnskap.no



EUROSKO

Etne Senter • tlf 53 75 60 44



Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustaddraumar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitekturarbeid
- Teiknetenester
- Søknadsprosessar

Vigor
BYGG



Systemhus
Prosjekt og innkjøp 1987



– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Livets gang

Etne sokn

Døypete:

- 27.04 *Jonah Nortveit*
15.06 *Emil Eide Steine*
15.06 *Noah Hardeland-Vikestad*
22.06 *Frida Hundseid*

Vigde

- 28.05 *Ingrid Kringlebotten*
 og Peter Andreas Endresen
16.08 *Anna Litlabø og Edvin Jordal*

Gravlagde/bisette:

- 25.04 *Kjersti Simmenes*
02.05 *Nils Boland*
13.05 *Julie Margrethe Opheim*
27.05 *John Magne Skår*
28.05 *Monica Gravelseter Monsen*
04.06 *John Harald Engelsgjerd*
06.06 *Olaf Sigurd Mortveit*
25.06 *Johan Hamre*
30.07 *Johannes Brekke*

Trusopplær

Kyrkjerotter – 5-åringar i Skåne- vik og Etne

To samlingar i Skånevik kyrkje onsdag 20. og
27. august frå kl 17.00 -18.30.

Minikonfirmantar – for 12-åringane i Etne og Skånevik

Ei samling fredag 12. september frå kl 17.00-
20.00. Deltaking på misjonsgudsteneste
i Grindheim kyrkje søndag 14. september
kl 11.00.

Teikneseriebibel til 10-åringar i Skånevik

Utdeling av teikneseriebibel på familieguds-
teneste 28. september kl 11.00.

Miniskule og 4-årsbok i Etne

3 samlingar i Etne kyrkje og utdeling av
4-årsbok på familiegudsteneste søndag
19. oktober kl 11.00.

Krølletreff i Skånevik

Ei samling i Skånevik kyrkje laurdag
18. oktober frå kl 14.00-15.00. Utdeling av
bok på familiegudsteneste søndag 19. okto-
ber kl 16.00.

4-årsbok i Skånevik

Utdeling av bok på familiegudsteneste søn-
dag 19. oktober kl 16.00.

ing i haust:

Julegåveverkstad for 9-åringane i Etne

To sløyd-samlingar på KM-verkstaden i november.

Lys vaken for 11-åringane i Skånevik og Etne

Samling i Skånevik kyrkje laurdag 29. november med overnatting i kyrkja. Familie-gudsteneste søndag 30. november kl 11.00.

Tripp Trapp Treff i Etne og Skånevik

Samlingar anna kvar tirsdag i Etne kyrkje frå 1. klasse og anna kvar onsdag på bedehuset i Skånevik for alle barn.

KRIK

Samling anna kvar fredag i Etne kyrkje frå 7. klasse

Fredagsklubb

Samling anna kvar fredag i Etne kyrkje for 1. til 7. klasse og på bedehuset i Skånevik frå 5. til 7. klasse.

Soul children

samling annankvar torsdag i Etne kyrkje for 1.-10. klasse

Babysong i Etne kyrkje

Anna kvar torsdag frå kl 10.00-12.00.

Livets gang

Skånevik sokn

Vigde:

31.05 *Elise Eriksen*

og Nils Inge Aga

Gravlagde/bisette:

23.04 *Betzy Vika*

20.06 *Asgaut Ness*

04.07 *Eli Vannes*

17.07 *Sigve Sæle*

24.07 *Inge Sævareid*

07.08 *Else Marie Ebne*

18.08 *Jens Skår Lygre*

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3626.46.37966

Vipps: 808258



Gudstenestekalender



24.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
31.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
07.09.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
14.09.	11:00	Grindheim kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
21.09.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
28.09.	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
05.10.	11:00	Fjæra kapell	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
12.10.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
19.10.	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
19.10.	16:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
26.10.	11:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
02.11.	11:00	Etne kyrkje	Helgemesse	Kari Vik Stuhaug
02.11.	17:00	Skånevik kyrkje	Helgemesse	Øyvind Heggland
09.11.	19:00	Etne kyrkje	Lovsongsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
16.11.	11:00	Frette kapell	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
23.11.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
30.11.	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
03.12.	19:00	Etne kyrkje	Lysmesse	Kari Vik Stuhaug og Øyvind Heggland
07.12.	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
14.12.	11:00	Ebne bedehus	Gudsteneste	Øyvind Heggland

Endringar kan koma, følg med i Grannar eller www.etne.kyrkja.no.



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

**Velkomen innom
for ein god handel!**